

Aktuell

Frå barnestjerne til multikunstnar

– Utan musikk hadde eg ikkje kunna leve, seier Caroline Waters.

Fødd Caroline Asplin i 1966 debuterte ho som toåring med faren Per i julefilmen *Putti Plutti Pott*. Per Asplin spela piano som Nat King Cole og song som Frank Sinatra, skriv Caroline Waters. Han var også medlem av The Monn Keys, truleg den beste vokalgruppa nasjonen har hatt. Med han og Riksteatret var Caroline på vegen som skodespelar og songar i inn- og utland, starten på ein karriere som gjer at ho i dag også kan kalle seg filmkomponist, plateartist og forfattar. Det nye soloalbumet *Exposed* er det femte sidan debuten *Compassion* i 1992. Samstundes kjem *Being Totally Alive* frå 2008 ut på nytt.

– Du har mange jarn i elden, men er musikken viktigast?
– Eg kallar meg kunstnar, men utan musikken hadde eg ikkje greidd å leve, seier Waters. Ho skulle bli lege, men vart atten år gammal overkøyrd på sykkel og så hardt skadd at det tok mange år før ho fekk att talens bruk og vart arbeidsfør og byrja på eit nytt liv.

– Faren din var ein habil jazzmusikar. Kva er ditt tilhøve til jazz?

– Ella Fitzgerald var ein del av oppveksten min, ho og Nat King Cole syng den typen jazz eg likar. Al Jarreau er også ein stor favoritt.

På det nye albumet syng Waters til eige gitarkomp både eigne songar og andre som har hatt mykje å seie for henne.

– Det er songar av Joni Mitchell, Suzanne Vega, Leonard Cohen og Gershwin's «Summertime». Gjennom dei kunne eg uttrykkje all sorg og angst. I periodar har eg hatt det jævlig, livet har gått frå høge fjell til djupe dalar.

– Kva om livet hadde teke ein annan veg og du hadde blitt lege?

– Eg trur ikkje det var meininga at eg skulle bli det. Men eg opplever at eg fullt ut har fått bruke den evna eg har til å kommunisere kjensler. Det har hatt mykje å seie.

– Og no er du også forfattar?

– Det er ein sjølvbiografisk roman som heiter *Missing Venus* og handlar om den ytre og indre reisa for å kome attende til livet. Besteveninna mi vart borte i Nevada-ørkenen. Det har teke meg tjue år å skrive boka. Eg hadde bestemt meg for aldri meir å lage musikal, men så skreiv eg ein musikal-komedie med tittelen «Queen of Clubs» og gjekk på ei scene i Hollywood, der eg var dronning Caroline.

Caroline Waters vart landets yngste musikalske ambassadør for internasjonale arrangement og var også i Lausanne i 1982.

– Far og eg representerte Noreg som artistar som lekk i arbeidet for å få OL til Lillehammer i 1994. Eg hugsar at keisarane frå afrikanske land dansa berrbeint i kjole.

– Kva planar har du no?

– Eg er snart ferdig med musikalen *På hengende håret* som eg har fått norsk økonomisk støtte til. Eg skal på vegen med plata mi og har min første konsert nokosinne i Sverige 23. mai. Eg har pendla mykje mellom Noreg og USA. No vil eg satse meir på heimlandet, seier Caroline Waters.

roald@dagogtid.no

Usemjje om avrettingsplanar

Fangevaktarane til Quisling hadde tenkt å drepa han same kva, skriv Andrew Roberts i *Krigens storm* og stør seg på Hans Fredrik Dahl. – Tøv, seier Gunnar Sønsteby. I den norske omsetjinga er drapsplanane borte.

HISTORIE

JON HUSTAD

jon@dagogtid.no

Den andre verdenskrigen generelt og Vidkun Quisling spesielt held fram med å vekke strid. Denne veka gjev Cappelen Damm ut boka *Krigens storm*, ei ålmenn historiebok om den andre verdenskrigen (sjå side 16–17). I originalutgåva *The Storm of War* skriv forfattaren Andrew Roberts mellom anna dette om Vidkun Quisling: «The Norwegians despised him throughout his periode of rule, and had the court trying him for high treason somehow not imposed the death penalty upon him in 1945, his prison guards had agreed among themselves to murder him anyhow.» («Nordmennene forakta han gjennom heile styringsperioden, og om retten som handsama tiltalen om landssvik mot han av ein eller annan grunn ikkje dømde han til døden i 1945, hadde fangevaktarane vorte samde seg imellom om å drepa han i alle høve.»)

– Eg gjekk sant å seia ut frå at det norske forlaget visste meir om dette enn eg.

Kjelda som Roberts gjev opp for denne påstanden, er den engelske utgåva av Hans Fredrik Dahls Quisling-biografi. Formuleringa i den engelske utgåva er om lag den same som vi finn i band to av Dahls originalutgåve frå 1992. På side 612 les vi: «Selv vaktmannskapene som hadde ansvaret for hans sikkerhet under rettssaken, besluttet etter rådslag seg imellom å drepe ham, dersom saken mot formodning ikke skulle føre til fullbyrdet dødsstraff.» Kjelda til denne opplysninga er fangevaktaren Kjell Juell, gjev Dahl opp i den engelske utgåva. Dahl intervjuar Juell i 1987.

– Eg gjekk sant å seia ut frå at det norske

forlaget visste meir om dette enn eg.

Andrew Roberts, historikar



Vidkun Quisling vekker framleis kjer

DRAPSPLANANE SOM VART BORTE

Den norske utgåva av *Krigens storm* er ikkje nedkorta, med eit unnatak: Setninga om at fangevaktarane hadde tenkt å drepa Quisling same kva, er borte. Vi spurde Roberts om kvifor denne opplysninga ikkje er med i den norske utgåva.

– Forlaget tok kontakt med meg på e-post og sa at dette ikkje var sant. Dei spurde om det var greit at dei tok det bort sidan eg ikkje hadde rett fakta. Sidan

LYTT TIL DEI DØYANDE

Når folk på dødsleiet blir spurde om det er noko dei angrar på i livet, er svaret svært sjeldan at dei angrar på ikkje å ha vore meir på kontoret, tent meir pengar, eller kjøpt eit større hus – ikkje overraskande. Derimot er eit vanleg svar at dei skulle ønske dei hadde vore meir saman med familie og vener, skriv *Psychology Today*. Men, skriv dei vidare, kan ein eigentleg ta dette for god fisk, sjølv om det kjem frå ein døyande? Kan vi bevise at det å prioritere nære forhold gjer livet meningsfylt – ikkje berre for dei som ligg på det siste, men òg for unge, friske vaksne?

Ei nyleg undersøking, leidd av dr. Jane Twenge ved San Diego State University, viser at sosial eksklusjon og oppleving av meningsløse heng tett saman. Dr. Twenge fekk studentar til å møte opp i laboratoriet, i grupper på fire til seks, for å delta i eit eksperiment. Desse fekk nokre minutt på å bli kjende med kvarandre, før dei blei viste til kvar sitt einerom. Her blei dei, av forskarar, bedne om å nemne kven av dei andre i gruppa dei kunne tenkje seg å samarbeide med, på det komande eksperimentet.

Halvparten av deltakarane blei deretter fortalde at

ingen andre i gruppa hadde valt å vilje samarbeide med dei. Den andre halvparten blei fortald det motsette, at dei var blitt valde av fleire av dei andre. Utvalet i dei to gruppene var heilt tilfeldig. Dette var naturlegvis det eigentlege eksperimentet.

Dr. Twenge og kollegaene hennar intervjuar deretter alle deltakarane og fann at deltakarane i den «ekskluderte» gruppa var langt meir truande til å svare at livet ikkje har noka ordentleg meining eller føremål.

I ei anna undersøking fann forskarane Josh Hicks og Laura King at folk som har ei sterk kjensle av tilhørsløse med andre, ikkje treng å vere i «godt humør» for å finne livet meningsfylt. Dessutan, når kjensla av at livet er meningsfylt, er truga, har folk ein sterk tendens til å søkje mot dei ein har eit nært forhold til. Kjensla av meining vil då gjenoppsettast. Kanskje ikkje spesielt oppsiktsvekkjande, men det er no greit at det er vitskapleg bevist.

Så konklusjonen er dermed at folk på dødsleiet bør ein lytte til.

agnes@dagogtid.no



Caroline Waters på plate. Foto: Aina O'Kane